

Påske med så lite snø i manns minne.

15.04.2017



Lokalkjende personar kan ikkje minnst at det har vore så lite snø på Mannsvatn som i år. Ein må inn på Tverrfjell og Gråfell for å kunna ta på ski.

**Det er rett nok sein påske i år, men så lite snø som det er på Hauglandsfjellet og ved Mannsvatnet, har det ikkje vore i manns minne. Pål Haugland, som har vore fast på hytta Mannsbu sidan han var liten gut, fortel at han ikkje kan minnst ei påskehelg med så lite snø.**



Det var lett å ta seg inn i sela på Vatnastøl i år. Her plar det ligga ei stor snøfonn i påsken. Astrid og Pål Haugland i prat med Kristian Bringedal.

Ein må langt inn på fjellet mot Tverrfjell og Gråfell for å ta på ski. Innom Vatnastøl og i Betnane er det enno noko snø, men det minkar dag for dag. Det var difor nyttelaust med ski på denne delen av fjellet i Uskedalen i år.

Det var folk på knappe halvparten av dei 12 hyttene som ligg rundt Mannsvatn, mellom anna på Urahaug, Fjelly og på Mannsbu. Den eldste av dei, Fjelly, er sett i god stand og er klar for hundreårsmarkeringa 20. mai i år.

Tekst//nett: Kristian Bringedal

Footo: Kristian Bringedal/Jofrid Eik